



Prost og sokneprest møter kyrkjelyden som takkar for god teneste i nesten 3 år

**Sokneprest Kristian Due som no forlet oss er både ein god predikant og ein god songar.
Det var prost Svein Arne Theodorsen som kom med denne attesten då han i dag deltok i høgtidsgudstenesta som samstundes var avskjedsgudsteneste for Due. Etterpå var det felles kyrkjekaffi på Valen.
Men siste punktum for tenesta her set han først under konfirmasjonen seinare i vår. Due har vore sokneprest her i 2 1/2 år.**



[Allereie no deltek ungane i gudstenesten!](#)

No vert 29åringen misjonsrådgjevar for Møre-biskopen medan kona vert sokneprest i Nesset i Romsdalen. Ragnhild var også med i avskjedsgudstenesta saman med borna Per Kristian (3) og Dagny Linnea (1 1/2).

Due heldt ei fengslande og spesiell preike over dagens tekst og trakk overraskande parallellar mellom påskebodskapen og krimlitteraturen som nordmennene konsumerer så mykje av i påska - truleg som dei einaste i verda. Det er mykje som kan samanliknast, til dømes dei spor som vert lagt ut etter kvart. Og så til slutt fell alle bitane logisk på plass og mysteriet løysar seg.

Prosten tykte det var ei grundig preike som bar bodskapen klårt fram til tilhøyrarane og som dessutan bygde på gode kjelder.

Prosten takka for god teneste og kalla Due ein historisk prest fordi dette har vore første gong Uskedal har hatt sin eigen sokneprest. Også fleire i kyrkjelyden roste Due og gav uttrykk for til uskedalen.no at han har vakse sterkt med oppgåva,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Også prosten var på plass for å takka